Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6 Fylke: Sör-Tröndelag

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Malvik

Emne: Folkelige músikkinstrúment. Bygdelag:

Oppskr. av: Johan Tapper Gard: Vollan

(adresse): Vikhamar G.nr. 24 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Etter Fylkesskúlestyrar O. Vassbjen, 85 år. Han er född i Malvik og búdde her til han var 30 år. adr. no: Moholt. Strinda.

SVAR

Instrúment som ein med sikkerhet kan segja å ha vore brúkt i Malvik.
1. Vanlig fele og tyskfele er vel det instrúment som har vore mest nytta i Malvik.
Fela hadde farmstrengar.
Av spelemenn kan nemnast: Nils Skjenstad, Klement Reitan og Kristian Kvernhúsbakke, som dei mest dúgande spelemenn i det forrige húndradåret. Alle desse er no död. Dei gamle spelemenn heldt fela på ein eigen måte, i mot vinstre sida av brystet, ikkje som no med fela únder hokça.
Nokon felemakar er ikkje kjendt. Fela vart brúkt til músikk i brúdlaúp.
I 1840-50 åra og noko seinare - únder ei sterk religiös vekkjingstid, pietisme - vart fela sett på som eit djevelens instrúment. No er det heilt omsnúdd i so måte, no vert fela brúkt både i kyrkja, skúle og i lag. Det vart laga brúrmarsjar, graútslåttar o. l.
Som eit dæme på motviljen mot fela kan nemnast: Ein religiös mann som heldt brúdlaúp for eldste sonen sin vilde ikkje gi lov til å spela til dans på fela. Han

1119

kunne gå med på at det kunne brukast
beljespel til dans, men ikkje danse i stova,
men på låven.
2. Hardingfele har ikkje vore brukt her i bygda.
3. Nykkelharpe har heller ikkje vore brukt.
4. Vanleg harpe ikkje brukt.
5. Langeleik er også ukjent.
6. Huente ukjent.
7. Salmodikon:- Heimgjort.- bygd av tynne
granspildrer, lengde omlag 75 cm, høgd 7-8 cm,
bredde omlag 8-10 cm. Intervallerne avmerket
med kinger. Øverst oppe til høgre eit rundt
ljodhol, med spelstol bak. I bakre enden ein
skrue til å stelle strengen - tarmstreng - og
speltes med felebogi. Egna seg ikkje til
dansemusikk, men til å spela melodiar på.
8. Ropar: Lite nytta, men den har vistnok vore i bruk.
9. Langelur, neverlur: Neverlur har eg aldri
sett, men høyrt den omtalt, derimot olderlur
har eg sett. Olderluren vart gjort av olderbork
løypt av ein slett olderlegg i løpingstida.
Borken tvinna saman til ei langagtig trakt.
Langelur (gjetarlur) vart gjort av to lange
(vel 1 m. lang) granspiler, uthult til eit
langt ~~smalt~~ rør. Samanføyningerne av
trespilerne ~~av trespilerne~~ vart dekka med
lang tynn never for å få den so tett som
mogeleg. Trespilerne vart surra saman
med bjørktog, ytterste ende på luren i
skålform. Den hadde intet munnstykke
og heller ikkje fingerhol. Tonane vart
laga ved munnstillinga og ved luftpressing.


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Luren vart ofte lagt i vatn so den ikkje skulle gisne. Ein kunne lage mange tonar på luren, og tonen höyrdest langt.

10 Prillarhorn: Prillarhorn vart gjort av bukkehorn. Kvitkeit vart uttteke so berre rine hornet vart igjen. Överste enden vart skåre på sne og åpningen dekka over med ein tynn tunge av einetre, som vart surra fast med tråd, med tungeåpning som på ein klarinett. Det var fleire fingerhol på hornet. Tonen likna mykje på klarinettonen. Det kunne spelas mange ting på dette instrumentet.

11. Vanleg flöyte: Flöyta har vore brukt, men lite nytta.

12. Andre flöyter: Seljeflöyte vart ofte laga, ~~men mest~~ brukt til barneleike.

13. Sekkepipe: Ikkje nytta.

14. Munnharpe: Har höyrt den omtalt, ~~so~~ den truleg har vore i bruk.

15. Spikerfele: Ukjent.

16. Trumme: Trumma har truleg vore i bruk langt attende, og da mest ved brudeferder.

<u>Bolk B.</u> Byinstrument.

1. Klarinetten har vore i bruk so og segja jamsides med fela, men er i dag omlag heilt burtkome som bygdeinstrument. Klarinetten förde ikkje med seg nokon ny musikk, dei gamle slåttane og marsjane vart spela. Det var bygdespelemennene som mest nytta klarinetten og.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

1119

Trekkespelet kan ein föra attende til omkring 1860 og har vore nokså mykje nytta. Messinginstrumenta har först kome til bygda i seinare år og då mest i musikklag. Av klaver og spinett og andre som er nemnd under Bolk B fanst nyen noko i midten av forrige hundraåret. Eit og anna husorgel tok til å dukke opp etter 1870 og da kom også guitar og mandolin i bruk. Etter kvart har musikklaga skaffa sig moderne instrument.

2. Dei större og dyrare instrument, t. d. pianoet og orgelet, gjekk vel den vanlege vegen over pengemakta först, men musikkelskarar av alle lag i folket fylgde etter kvart, tok undervisning, og ikkje so få heimar har no enten eit piano eller eit husorgel som ein eller fleire av huslyden, meir eller mindre godt handterar.

<u>Bolk C.</u>

Kråkerammel (hestesmelle) er kjent i Malvik og har vore i bruk, men har no gått ut av bruk. Det vart nytta til å halda dyr i frå husa, t. d. kråke og anna eifugl, derfrå namnet kråkerammel. Eg sender med ein teikning av det.

Har höyrt om klokkespel, det har visstnok vore i bruk, men eg har ikkje nærare kjennskap til det.

<u>Bolk C.</u>

Kråkrammel (herkeomelle) vart nytta til å halde dyr i frå husa, t.d. kråke og anna ufugl, derfrå namnet kråkrammel.






1119

Tverrsnitt av rullen.

Dei tre spiler ~~mellom~~ med t måtte ~~ikke~~ ikkje vere over 1 cm. tjukk. Nedeste ende festet med spiker i ~~sammen~~. Det forlengede händtak kunne päsettes en sveiv til ä dreie rullen rundt.

1119